



HØGSKULEN I VOLDA

Årsmelding 2000



Høgskulen i Volda



Høgskulen i Volda er den største høgskulen i Møre og Romsdal. Vi tilbyr studiar og yrkesutdanningar innan humanistiske fag, lærarutdanning, mediefag og samfunnsfag. Vi har ca 2200 studantar og 190 tilsette.

Høgskulen har ein omfattande forskingsaktivitet og samarbeider tett med den regionale forskingsstiftinga Møreforsking. Vi har også to knutepunktfunksjonar i Norgesnett; i journalistikk/mediefag og i nynorsk skriftkultur. Det er etablert samarbeid både nasjonalt og internasjonalt innan fleire fagområde.

Høgskulen legg vekt på å vidareutvikle og satse på eit stadig betre og breiare tilbod for å imøtekomme trongen for etter- og vidareutdanning i regionen. Det vil vi gjere ved i sterkare grad å ta i bruk ulike modellar for kombinerte tilbod og nettbasert fernundervisning.

Innhold



Rektor	s. 4
Høgskuledirektøren	s. 5
Avdeling for humanistiske fag	s. 6
Avdeling for lærarutdanning	s. 7
Avdeling for mediefag	s. 8
Avdeling for samfunnsfag	s. 9
Ivar Aasen-instituttet	s. 10
Forskings- og utviklingsarbeid	s. 11
Undervisning og opptak	s. 12
Fellesadministrasjonen	s. 13
Rekneskapen	s. 15

| 3

HØGSKULEN I VOLDA

Boks 500
6101 Volda

Tlf: 70 07 50 00
Faks: 70 07 50 51
WWW.HIVOLDA.NO

REDAKSJON:

rektor
GUNNAR STAVE

høgskuledirektør
JAN DRIVEKLEPP

informasjonskonsulent
PER ARNE BRANDAL

Design/sats: Per Arne Brandal og
Goosen Design
Egset Trykk

Rektor

Høgare utdanning blir i dag sett på som fundamentalt viktig for utviklinga av eit moderne kunnskapssamfunn. Utdanning er eit verkemiddel på linje med vegar, råvarer, energi og teknologi, som samfunn og næringsliv treng for å produsere varer og tenester og oppretthalde ein høg levestandard.

4 Dette er eit syn på utdanning, som set innlæring av kunnskap i sentrum, og som har som mål å få nok kompetanse ut av befolkninga. Det er på mange måtar innlysende i eit samfunn der økonomisk vekst og velstandsvekst er ei grunnlov, og derfor har det stor gjennomslagskraft. Dette instrumentelle motivet, kunnskap som verkemiddel for næringsliv og samfunnsliv, har vore sterkt i den reformbølga vi har hatt i heile skuleverket, også i høgare utdanning, og er framleis ein viktig premis for kravet til omstilling. I dette perspektivet er det eit naturleg krav at høgare utdanning må bli meir lydhør for arbeidslivet sine behov, slik etter- og vidareutdanningsreforma krev. Slik aukar vi vår kunnskapskapital, og kunnskapskapitalen blir den viktigaste kapitalen i det nye hundreåret blir det sagt både frå fagfolk og politisk hald.

For Høgskulen i Volda er omsynet til arbeidslivets behov eitt sentralt perspektiv på den utdannings- og forskingsverksemda vi driv. Vi vil vere eit kompetansesenter, som både styresmaktene og ulike aktørar innanfor samfunns- og arbeidslivet ser som ein hjørnesteinsinstitusjon i regionen, og som dei er opptekne av å vidareutvikle.

Dette krev at vi er ein lærande organisasjon, som er medviten dei prosessane som påverkar høgare utdanning, og utviklar våre evner til omstilling. År 2000 viser at Høgskulen i Volda har teke denne ambisjonen på alvor. I ei tid med nedgang i søkjartala til tradisjonelle utdanningar, har fagmiljøa vist stor kreativitet og evne til å rette

utdanningstilboda våre inn mot nye grupper og nye behov. Det har også blitt satsa mykje på å integrere informasjons- og kommunikasjonsteknologi i utdanningsverksemda, både for å leggje til rette for nye arbeidsformer, og for å gjere tilbodet tilgjengeleg for nye studentgrupper. Dette har ført til at HVO i år 2000 har det høgste studenttalet vi nokon gong har hatt.

Den faglege profilen i utdanningstilbodet ved HVO er tydeleg. Vårt særpreg er ein spesiell kombinasjon av profesjonsutdanningar og fagstudium, der humanistiske og samfunnsvitskapelege fag dominerer. Største delen av utdanningstilbodet ved HVO er innanfor allmenn- og førskulelærarutdanning, sosialutdanningar og journalistutdanningar, som er nasjonalt prioriterte fagområde der departementet set fast opptaksrammene. Vi har dessutan ei rekke fagstudium med stor relevans for desse profesjonsutdanningane. For å skape ein institusjon med høg relevans og kvalitet, har vi sett det som viktig å få til ei sterkare prioritering av den faglege verksemda, og utvikle ein meir spissa fagprofil. Vi har dei siste åra hatt som strategi at dei nasjonale knutepunkta innanfor mediefag og nynorsk skriftkultur, skal fungere som samlande faglege satsingsområde på tvers av avdelingane. Vi skal dessutan avgrense satsinga når det gjeld utdanning på hovudfagsnivå og forskning og utviklingsarbeid til nokre prioriterte fagområde der vi har særleg sterke fagmiljø.

Når det gjeld forskingsverksemda, har vi satsa på organi-

sert og ansvarleg samarbeid mellom Møreforskning og høgskulen. Grunnlaget for denne løysinga er ei oppfatning om at det vitskapelege miljøet ved institusjonane i Volda er best tent med eit medvite samarbeid, der vi kan utnytte våre komparative fordelar. Det er oppretta felles faggrupper som samlar miljøet rundt dei faglege tyngdepunkta. Dette er ei fleksibel ordning, som kan justerast etter behov ved at nye forskingsgrupper blir oppretta og etablerte grupper blir lagt ned.

Høgskulen i Volda vil vere ein utviklingsorientert institusjon som i samarbeid og konkurranse med andre utdannings- og forskingsinstitusjonar driv utdanning, forskning, fagleg utviklingsarbeid og formidling med høg kvalitet. Samstundes er vi ein medviten organisasjon med særlege tradisjonar, og ein kunnskapsinstitusjon med sterk fagleg forankring. Vi ønskjer å ta dette perspektivet på alvor i den reformprosessen vi no er inne i. Utfordringa er å kunne gjere nødvendige omstillingar utan å gå på akkord med grunnleggjande verdiar i høgare utdanning.

Gunnar Stave
rektor



Høgskuledirektøren

Dette året har på ein måte vore prega av både konsolidering og utvikling.

Det syner seg at budsjettfordelinga no går i eit akseptert spor i og med at den nye modellen fungerer betre enn mange trudde. Det var mykje turbulens då modellen vart diskutert og til slutt vedteken på slutten av fjoråret, og debatten var intens og til dels krass. Det har synt seg at han har mange gode sider, og at den er gjennomsynleg på ein heilt annan måte enn tidlegare system. Administrasjonen la ned eit stort arbeid gjennom modellutviklinga, og det ser ut til at innsatsen gjev god avkastning.

Også dette året har Høgskulen i Volda, etter stor innsats frå oss alle, særleg økonomi- og personalkontora, fått på plass ei god økonomiforvaltning og økonomistyring, og har ein velordna økonomi. Trass i altfor stramme rammer greier vi å halde budsjetta. Det er klart at så streng styring har sine negative sider, men det er likevel viktig at vi har orden på dette.

I studieadministrasjonen var det ekstra stor belastning siste halvåret ved at studiesjefen sa opp, og det tok lang tid å få tilsett ny. Den nye studiesjefen var på plass 01.01.01. Vi såg fram til å få konsolidert situasjonen i studieadministrasjonen, og å få på plass alle brikkene rundt den nye studiesjefen.

Mot slutten av året kom også oppseiinga frå høgskuledirektøren, og arbeidet med å etablere eit apparat omkring tilsetjingsprosessen tok til. Målet er å få på plass ny direktør til oppseiingstida er ute, nemleg 30.06.01.

Igjen har det synt seg aukande slitasje i administrasjonen og sjukmeldingssituasjonen viser teikn til auking. Dette er urovekkjande og eg trur vi nærmar oss ei grense i fleire funksjonar. M.a. av desse grunnar har vi starta opp ein gjennomgang av arbeidsbelastning, arbeidsfordeling og oppgåvefordeling i fellesadministrasjonen og mellom fellesadministrasjonen og avdelingsadministrasjonane.

Vi har engasjert eit konsulentfirma til å utføre delar av arbeidet, og dei kjem med si vurdering kring årsskiftet. Dette er eit spanande prosjekt som mange har store forventningar til. Vi har aller-eide fått bekrefte at vi har ein liten administrasjon ved HVO samanlikna med andre høgskular. Det er lagt opp til ein omfattande prosess så snart rapporten er klar.

På byggesida har vi også fått eit gjennombrøt i den kompliserte prosessen med å bygge på nyedelen av Henrik Kaarstad-huset. Det har vore ein lang, omstendeleg og til dels usakleg diskusjon, men tilslutt fekk vi løyve til ei akseptabel påbygging. Byggearbeidet tok til mot slutten av året, og arbeidet skal vere avslutta i god tid til neste årsskifte. Dette påbygget lettar arealsituasjonen og samlokaliseringa av Avdeling for lærarutdanning i stor grad.

Det er også sett fokus på internasjonalisering dette året, og styret har sett av større ressursar til dette arbeidet enn før. Likevel har vi fått gjort for lite her, m.a. pga vanskane i studiesjefstillinga og sjukmelding. Imidlertid har vi fått

gjort ein del grunnlagsarbeid slik at det vil vere lettare å satse sterkare neste år.

Også dette året har samarbeidet mellom oss på arbeidsgjevarsida og fagorganisasjonane vore godt, og eg synest at arbeidet har vore prega av gjensidig forståing og fleksibilitet. Dei årlege lokale lønnsforhandlingane har funne sitt system, og dei går føre seg på ein sakleg og verdig måte.

Til slutt vil eg, også i år, takke alle, både fagtilsette og administrativt tilsette, for godt og konstruktivt samarbeid i året som har gått, og ser fram til komande år med spenning og forventning.

Helsing Jan Driveklepp
høgskuledirektør



Avdeling for humanistiske fag

Avdeling for humanistiske fag omfattar fagutdanningar i språk, litteratur og historie, og er organisatorisk inndelt i grunneiningane Engelsk institutt, Historisk institutt, Nordisk institutt og Tysk institutt.

Undervisning og studentar

Avdelinga har 30 tilsette og nærare 500 studentar, og ein del av undervisninga er ved lærarutdanninga ved HVO (engelsk og norsk). I tillegg deltek AHF i etter- og vidareutdanning.

AHF tilbyr grunnfagsutdanning i engelsk, historie, norsk og tysk, og har mellomfagstillegg og storfagstillegg i nordisk og historie. Årsstudiet Norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar gir grunnlag for vidare studium ved norske høgskular og universitet. Elles har prosessen med modulisering og utvikling av IKT- og nettbaserte studietilbod blitt vidareført. Etter at Historisk institutt la ut eit 5-vekttalstilbod i «Edb og lokalhistorie» på nettet hausten 1999, har dei i år 2000 blitt gjennomført eit nettbasert undervisningsopplegg i lokalhistorie som mellomfagstillegg eller som frittstående 10-vekttalstilbod. Engelsk institutt kom i år 2000 med i eit nettundervisningsprosjekt innanfor lærarutdanninga (PLUTO). AHF-tilsette underviser også ved allmennlærer- og førskulelærarutdanning i Kristiansund, både ved ordinære studium og deltidsbaserte tilbod.

Forskning og fagutvikling

AHF deltek i FoU-samarbeid med universitet, forskingsinstitusjonar og andre høgskular, både i inn- og utland. Avdelinga har høg kompetanse m. a. innanfor nynorsk skriftkultur, og fagtilsette har delteke i oppbygginga av Ivar Aasen-instituttet og knutepunktfunksjonen for nynorsk skriftkultur innanfor Noregsnettet. Fleire ved avdelinga har

gjennomført eller er i ferd med å gjennomføre doktorgradsprogram. Elles er tilsette ved AHF engasjerte i nasjonale faglege fora, fagråd, forskingsråd, konferansar, utgreiingsutval, m.m.

Engelsk institutt (5 tilsette) har utført konsulentoppdrag og oversetjingsoppdrag både internt og eksternt. Arbeidet med læreverket for grunnskulen har gått vidare, og er nær fullføring. Eit doktorgradsprosjekt omkring vidare- og etterutdanning for engelsklærarar i grunnskulen er under arbeid. Eit anna doktorgradsprosjekt omkring filmatisering av litteratur har vore under førebuing. Det har blitt publisert artiklar om litteratur og grammatikk. I tillegg har det blitt arrangert etterutdanningskurs for lærarar.

Alle ved Historisk institutt (5 tilsette) har drive aktiv forskings- og publiseringsverksemd i år 2000, m. a. læreboksarbeid og produksjon av undervisningsmaterieell, bygdebøker for Volda og for Sula og eit prosjekt om kultur, økonomi og region. Spesielt har arbeidet med utvikling av undervisningsopplegg for nettbasert undervisning teke mykje ressursar i året som gjekk.

Nordisk institutt (13 tilsette) deltek i nordisk samarbeid med høgskular i Danmark og Sverige om lærarutdanning gjennom NORDPLUS. Av konkrete FoU-prosjekt kan nemnast: innsamling og registrering av regionalt kjeldemateriale, publisering av uprenta Ivar Aasen-materiale, nyttgaver av Aasen sine ordbøker, populærkultur/-litteratur, arbeid med nordisk

kvinnelitteraturhistorie, og andre litterære studiar. Aktuelle doktorgradsarbeid: m.a. om Dag Solstad, analyse av Vesaas: «Is-slottet» og om Ivar Aasens fonologiske metode.

Tysk institutt (3 tilsette) har utvikla fleire internasjonale faglege kontaktar. Det vert arbeidd med eit doktorgradsprosjekt om samanhengen mellom ordstruktur og ordninga av hjernens ordlager, vidare med lærebøker, tysk samtidshistorie og doktorgradsprosjekt om Günter Grass sine prosaverk.

Formidling og samfunnskontakt

AHF har knytt kontaktar og etablert samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar og med ulike offentlege organ og ideelle organisasjonar. Fleire av dei tilsette deltek i formidlingsarbeid med m.a. foredrag og konsulentverksemd, med å stille til rådvelde kjeldemateriale og ved å delta som ressurspersonar i ulike lag og stiftingar. Fagmiljøa ved AHF har i år 2000 arrangert fleire opne seminar og forelesingar. Norskstudiet for utanlandske studentar har gitt mange kontaktar med utanlandske universitet og høgskular. Arbeid

med internasjonalisering har blitt intensivert i år 2000, og vil halde fram neste år.

Satsingsområde

AHF vil halde fram med utvikling av modulisererte og nettbaserte studietilbod, i tillegg til sterkare satsing på etter- og vidareutdanning. Arbeidet med konkretisering av hovudfaget i nynorsk skriftkultur har halde fram i år 2000, og det er planar om opptak av studentar hausten 2002. Avdelinga vil vidareføre norsk grunnfag i Ålesund, samt at ein har planar om grunnfag på deltid i Volda. Nordisk institutt har i år 2000 vidareført 20-vekttalstudiet mediekunnskap årseining, eit tverrfagleg studium som kan inngå både i 4. året i lærarutdanninga, som del av cand.mag.-grad, eller som vidareutdanning for lærarar. Studiet involverer fagtilsette både frå AHF, frå Avdeling for lærarutdanning og Avdeling for mediefag ved HVO, og har fått god studentrespons hittil. Fleire slike tverrfaglege tilbod er under planlegging.

Vitskaplege arbeid i år 2000

Doktoravhandling, monografi	1
Fagleg bok, lærebok	5
Vitskaplege artiklar med referee	2
Artiklar, kapittel, red. av fagbok, forskingsrapport, publikasjon	14
Populærvitskaplege arbeid, arbeidsrapport, kompendium, etc.	35
Fagleg foredrag, notat, bokmelding, kronikk, ansv. for seminar	48
Sum FoU-produksjon i 2000	105

HVO innførte i år 2000 resultat-tildeling i høve rapportert FoU-produksjon,

og ved AHF var fordelinga på kategoriane som vist over.

Avdeling for lærarutdanning

Avdeling for lærarutdanning hadde i år 2000 eit variert og godt studietilbod for profesjonsstudia.

Undervisning og studentar

Gjennom verksemda oppfylte avdelinga gjeldande måltalskrav (942 heiltidsekvivalentar) med god margin (984,6 heiltidsekvivalentar). I studieåret 2000-2001 har ALU 1036 h.ekv. som viser at studenttalet i halve rekneskapsåret 2000, låg 84 h.ekv. over gjeldande krav. AU og FU minka svakt (frå 693 til 679 h.ekv.), men samstundes auka avdelinga studenttalet innanfor fag- og vidareutdanningsverksemda (frå 435 til 528 h.ekv.).

ALU sitt høge studenttalsnivå i år 2000 var viktig for høgskulen sitt samla studenttal. Det gode opptaket på fleire einingar i lærarutdanninga kompenserte for svakare opptak i andre fagmiljø/avdelingar og var med på å oppretthalde det samla målalet ved høgskulen.

Innanfor disponible budsjett-rammer i år 2000 gjorde avdelinga ein stor innsats for å sikre oppsette mål. På grunnlag av erfaringar i 1999 med ein sviktande søkjartendens i nokre studium, spesielt i grunnutdanninga FU, planla avdelinga å starte nye studium, gå breidt ut med fleire tilbod (for å sjå kvar det var potensiale) og å gjennomføre auka opptak innanfor fagtilbod der det truleg var mogleg å styrkje studenttalet. Dette viste seg å vere ein god strategi.

Frå hausten 2000 starta ALU nytt studium i friluftsliv års-eining (mellomfag) og vidareførte den store satsinga på informasjonsteknologi års-eining, med dobla studenttal. Avdelinga sikra godt opptak gjennom opptak etter real-

kompetansevurdering (ny ordning), både på deltidsstudium og ordinære studium - og i tillegg sikra avdelinga studenttalet ved oppstart av deltidstilbod i AU (Volda og Kristiansund), og PPU (Kristiansund). Nokre årseiningar og 10-vektelseiningar i Volda fekk dessutan ekstra høge studenttal. Samla sett gav desse tiltaka 84 ekstra h.ekv. ut over målalet i studieåret 2000-2001. Frå fellesnivået vart det løyvd kr. 613.000 ekstra til overopptaket ved Avdeling for lærarutdanning i år 2000.

Nye tiltak og ekstratiltak

- Ekstra klasse AU på deltid i Volda 2000-2004: Opptak av 44 studentar frå h-00 (34 h. ekv.)
- Ekstra klasse AU på deltid i Kristiansund 2000-2004: Opptak av 76 studentar frå h-00 (57 h. ekv.)
- Ekstra PPU årseining deltid i Kristiansund 2000-2002: Opptak 42 studentar frå h-00 (21 h. ekv.)
- Auka opptak PPU årsstudium i Volda: Auke frå 24 til 48 h. ekv.
- Auka opptak Kroppsøving årseining i Volda: Auke frå 24 til 48 h. ekv.
- Auka opptak Musikk 1. og 2. Årseining: Auke frå 30 til 43 h. ekv.
- Nytt studium: Friluftsliv årseining: Opptak av 20 h. ekv.
- Nytt studium: IKT-deltid i Volda 2000-2002: Opptak av 20 studentar (10 h. ekv.)
- Spesialpedagogikk hovudfag vart h-2000 vidareført med opptak av ny gruppe på 13 studentar h-2000

ALU si nettotildeling for år 2000 var kr. 30.212.000. Det

stramme budsjettet førte til fleire ekstratiltak for å avgrense forbruket. Stillingstalet, praksisutgifter og seminar- og reiseutgifter vart halde under sterk kontroll. Budsjett til studiereiser og undervisningsmateriell for fagtilsette vart kraftig redusert (nærast halvert) i høve tidlegare år. Gjennom ekstraløyvingar hausten 2000, vart budsjett-ramma auka med 3,1 mill kr. (t. d. kompetanse- og omstillingstiltak). Restmidlar måtte overførast til 2001 spesielt fordi store utgifter knytt til det høge studenttalet i studieåret 2000-2001 kjem først v-2001 (m. a. praksis i PPU, AU og FU).

Utgifter til praksisopplæring v/ALU gjekk ned med 8,3% i år 2000 pga sterkare kostnads-kontroll, endringar i studiemodellen i AU (forskyvingar) og overgang til deltidsstudium i AU og FU. Samla kostnad i 2000 var 8,7 mill kr. (9,5 mill kr. i 1999).



Avdeling for mediefag

Avdeling for mediefag gir tilbud om toårige, yrkesretta utdanningar i journalistikk, informasjon og animasjonsfilm og eittårig påbyggingsstudium i fjernsynsreportasje og dokumentar.

Vi har samarbeid med Avdeling for humanistiske fag om organisering av mediekunnskap årseining. Avdelinga har hovudfagssamarbeid med Institutt for kunst og medievitskap ved NTNU. I tillegg har avdelinga ansvar for desentraliserte tilbud i mediekunnskap. Avdelinga ynskjer å profilere alle yrkesutdanningane i forhold til ei felles, overordna målsetting der oppgåvene til media for og i eit demokratisk samfunnssystem er det sentrale.

Studietilboda våre får mange søkjarar med gode kvalifikasjonar. Det krevst høge poengsummer ved opptak, og avdelinga er godt nøgd med kvaliteten på studentane. Hausten 2000 var det omlag 230 studentar og 22 tilsette/engasjerte i heil- eller deltidsstilling ved avdelinga. I tillegg har vi fem doktorgradsstipendiatar, to av desse er finansierte av UiB.

Forskning og fagutvikling

Verksemda på dette området har vore særst god i år 2000. Ein meir heilskapleg oversikt over verksemda finn du i Forskpub, men av tiltaka som er gjennomførte i år 2000, vil avdelinga særskilt peike på:

- «Etikk for journalister» av Svein Brurås (Fagbokforlaget)
- «Aviser på nynorsk» av Øystein Sande (rapport)
- «Nyheiter og aktualitetar i radioen på 1920-talet» av Ketil Jarl Halse (notat)
- «Prosjekt Hedrum: Full skjæring. Drapssaken, nyhetsjakten og menneskene bak nyhetene» av Svein Brurås og Lars Arve Røssland, UiB (Norsk Journalistlag)
- Gudmund Hernes : «Det media-vridde samfunn» av

Øystein Sande i Norsk medietidsskrift.

- «Desider Gross and Gasparcolor in a Norwegian perspective» av Gunnar Strøm i Animation Journal.

Knutepunkttiltak

Høgskulen i Volda har knutepunktfunksjon i mediefag med særleg ansvar for radio-og fjernsynsjournalistikk. Dette er resultatet av ei bevisst satsing frå høgskulen si side for å profilere tilbodet ved HVO i forhold til dei andre utdanningsinstitusjonane i Noreg som har tilbod i mediefag. Knutepunktfunksjonen var i 1999-2000 gjennom ei omfattande evaluering i regi av norgesnettrådet med institusjonsbesøk våren 2000. Slutt-rapporten frå mediefaggruppa kom 28. april og konkluderer med at «selv knutepunktfunksjonen kan og bør diskuteres vidare, men nettverket som så langt er etablert, er det svært viktig å beholde og videreutvikle.»

Som særlege tiltak i år 2000, kan avdelinga peike på:

- Arrangør av seminar om digital kringkasting i Volda med brei, nasjonal deltaking (2 dagar).
- Volda Filmfestival (dokumentarfilm), i samarbeid med studentane ved høgskulen (3 dagar).

Formidling og samfunnskontakt

Tilsette i avdelinga har oppdrag også ved andre høgskular og universitet, i tillegg kjem deltaking i seminar og opplegg knytte til mediebransjen.

Nokre eksempel:

- Ketil Jarl Halse har vore medlem i Kringkastingrådet

og leiar i Rådet for anvendt medieforskning. Dette er viktige posisjonar som gir høve til innspel i aktuell, norsk mediepolitikk og medieforskning.

- Jon Peder Vestad har som nynorsk språkkrettleiar i NRK, hatt eit omfattande opplærings- og evalueringsopplegg i organisasjonen, både for journalistar og leiarar.

Avdelinga har god kontakt med bransje- og produksjonsmiljøa innan våre område i Noreg. Effektive praksisordningar og mange samarbeidsprosjekt/oppdrag med næringsliv og offentleg verksemd skaper tovegskontakt som gir god nytte for alle partar. Eit slikt tiltak er oppstarten av Kompetanse-senter for pasientinformasjon, der helse-region 4 har gitt ei startløyving til eit samarbeidsprosjekt mellom Fylkessjukehuset i Volda og Høgskulen i Volda. Avdelinga sitt informasjonsfaglege miljø vil spele ei viktig rolle her.

Ved journalistutdanninga vert det kvar vår og haust produsert øvingsarbeid for avis (papir- og nettversjon), radio og fjernsyn. Dette representerer viktige møteplassar og offentlege rom, ikkje berre for Volda-samfunnet, nokre av innslaga vert og distribuerte av nasjonale kringkastingsselskap. Studentar ved informasjonsutdanninga gjer utgreiingar og presentasjonar for organisasjonar og offentlege institusjonar. Dette året presenterte dei mellom anna ein profileringsplan for avdelinga og deltok med eige informasjonsopplegg på Kommunikade 2000 i lag med fleire tilsette frå utdanninga.

Satsingsområde

Arbeidet med å konvertere frå analog til digital teknologi i det praktiske øvingsarbeidet vil halde fram. Ei auka satsing på internett som publiseringskanal for fleire av avdelinga sine produksjonar, er ein naturleg konsekvens av dette. Dei internasjonale endringane i media med auka konvergens er eit bakteppe for denne satsinga. Avdelinga søkte og fekk omstillingsmidlar til nokre av desse tiltaka.

Internasjonalisering

Det organiserte, internasjonale samarbeidet har først og fremst vore knytt til arbeidet i Den nordiske samarbeidskomiteen for journalistutdanning (Norplus).

Samarbeidsavtalen med Department of Mass Communication & Journalism ved Mangalore University i India held fram.

Clifford Rowe frå Pacific Lutheran University i Seattle hadde studieopphald ved avdelinga hausten 2000.

Det vert arbeidd vidare med planar for utveksling av studentar og tilsette mellom institusjonane våre. Liknande planar vert utvikla i samarbeid med University of Sunderland, der avdelinga var på gjensittig rett før jul 2000.

Avdeling for samfunnsfag

Avdeling for samfunnsfag tilbyr høgare utdanning innanfor kommunalfag, kristendomskunnskap og kyrkjefag, og sosialfag.

Studentar og undervisning
Studia ved ASF varer frå 1 til 5 år, og dei fleste utdanningane er retta inn mot administrativt arbeid innan offentlig forvaltning. Dette gjeld m.a. kommunalkandidat, kyrkje- verje-, barnevernspedagog- og sosionomutdanning.

HVO fekk i 1999, som den einaste høgskulen i landet, godkjenning frå departementet til å tilby eit mastergradstudium i samfunnsplanlegging (førebels som ei prøvordning). Dette er ei toårig yrkesretta vidareutdanning for folk med minimum tre år høgare utdanning. Studiet er på 40 vekttal og er samansett av fire 10-vektalsmodular.

Avdelinga er i tillegg engasjert i ei rekkje etter- og vidareutdanningstilbod. Dette gjeld t.d. kombinerte trygdestudium, vidareutdanning i rusproblematikk og i barne- og ungdomsvern, forvaltningsrett på Internett m.m.

Studentmålet for Avdeling for samfunnsfag er 610,5 heiltidsstudentar, medan det faktiske talet på heiltidsstudentar var på i overkant av 640. Kandidatproduksjonen i 2000 var også god. Avdelinga uteksaminerte t. d. 31 barnevernspedagogar, 36 sosionomar, 14 kommunale planleggjarar og 6 kateketar.

Nye studietilbod

Det er i løpet av året utvikla og/ eller sett i gang fleire nye aktivitetar. Dette gjeld t.d. Nettbasert Examen Philosophicum (5 vt), Musikk og drama i kristeleg ungdomsarbeid (5 vt), mastergrads- og vidareutdanningsmodulane Kommunal leiing (10 vt), Planlegging i livsløpsperspektiv (10

vt), Integrasjonsmodul (mastergrad) og Vidareutdanning i kommunal organisasjon og leiing (20 vt).

Studiekvalitetsarbeid

To av institutta har oppretta egne fagutval/grupper (KPA og KKF) som skal fokusere på studiekvalitet. Det har ikkje vore aktivitet i alle desse utvala. Det tredje instituttet (SOS) har evalueringsseminar kvart semester. Det er berre nokre få av dei enkelte kursa ved avdelinga som vert evaluert skriftleg.

Forskning og fagleg utvikling

Ein del tilsette ved avdelinga har arbeidd med fleire større forskings- og fagutviklingsprosjekt i 2000, og avdelinga kan syne til ein stor produksjon av skriftleg materiale i form av artiklar i tidsskrift, lærebøker, bidrag til lærebøker og førelingar i inn- og utland.

Avdeling for samfunnsfag har 34 faglege stillingsheimlar og 2 bistillingar.

Dei siste åra har vore prega av sterk kompetanseoppbygging blant fagpersonalet. Fleire av medarbeidarane er inne i doktorgradsprogram eller andre kompetansegevande løp. Det er tilsett fast i professorat, i tillegg er det tilsett professor i bistilling. Ein medarbeidar har oppnådd professorkompetanse, og i doktorgrad er avslutta i år 2000.



Kategori	1997	1998	1999	2000
Tidsskriftartiklar, bidrag bøker	45	19	39	31
Bøker/rapportar utgjevne på forlag	6	2	3	4
Avslutta arbeid som ikkje er utgjeve på forlag	28	29	14	24
Konferansebidrag	58	34	32	64

Skjematisk oversyn over vitskaplege publikasjonar

frå avdeling for samfunnsfag 1997, 1998, 1999 og 2000 .

Ivar Aasen-instituttet

Ivar Aasen-instituttet skal ivareta knutepunktfunksjonen i nynorsk skriftkultur, som HVO er tildelt av KUF. Instituttet har nært samarbeid med Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda.

Organisering

Ivar Aasen-instituttet er eit sjølvstendig institutt med eige styre. Styret hadde 3 møte og handsama 25 saker i år 2000.

Tilsette ved instituttet i år 2000

Instituttleiar og dr. gradsstipendiat Odd Monsson, frå 1.2.98 til 31.7.00.

Instituttleiar og professor Stephen J. Walton frå 1.10.00 (Professor II fram til 30.9.00) Professorstipendiat Sveinung Vaage, frå 1.1.98 (Konst. instituttleiar 1.8. - 30.9.00)

Dr. gradsstipendiat Svein Ivar Angell, frå 1.2.98

Forskar J. Peter Burgess, frå 1.8.98

Professor II Helge Sandøy, Universitetet i Bergen frå 1.10.00

Forskningskoordinator Reidun Høydal, frå 1.2.99 til 1.2.00 (20% stilling).

Hovudfag i nynorsk skriftkultur

Den viktigaste delen av verksemda til Ivar Aasen-instituttet i år 2000 har vore vidareføringa av arbeidet med eit hovudfag i nynorsk skriftkultur ved Høgskulen i Volda. Studieplanen vart sendt til høyring til alle dei statlege høgskulane 1.9.99. Det kom inn høyringsmerknader frå åtte høgskular. Ivar Aasen-instituttet sende i brev av 8.9.99 ein førespurnad om intern kartlegging av kompetanse- og ressursituasjonen ved avdelingane, biblioteket og IT-avdelinga ved HVO. Resultatet av kartlegginga og merknader frå høyringsrunden er innarbeidd i to nye dokument: Utgreiing om hovudfag i nynorsk skriftkultur og ein revidert studieplan. Studieplanen inkluderer no eit nytt valemne, Nynorsk skriftmål,

utarbeidd av professor Helge Sandøy. Desse dokumenta skal leggast fram for HVO-styret i mars 2001.

Seminarverksemd og nettverksbygging

Ivar Aasen-instituttet arrangerte fire seminar med norsk og internasjonal deltaking i år 2000. Arbeidet med etablering av samarbeid innanfor eit nasjonalt og internasjonalt forskingsnettverk har halde fram i året som gjekk. Målet med nettverksbygginga er å utvikle samarbeid om kompetanseutveksling, seminarverksemd, forskning og undervisning.

Evaluering av knutepunktet nynorsk skriftkultur

Som ledd i Noregsnettrådet sine generelle evaluering av knutepunktinstitusjonen, vart knutepunktet nynorsk skriftkultur evaluert i år 2000. Evalueringskomiteen vitja Høgskulen i Volda 9. og 10. februar, og hadde møte med m.a. Ivar Aasen-instituttet. Rapporten konkluderer med at knutepunktet har stort potensiale og komiteen gir støtte til det arbeidet som er gjort til no.

Prosjekt

I tillegg til individuelle prosjekt er to nettverksprosjekt i gang: Utdanning som nasjonsbygging med tre delprosjekt knytt til Volda-miljøet, og Det egne og det andre med delprosjektet Det europeiske i det nynorske.

Publikasjonar

Det vart gitt ut tre publikasjonar i skriftserien til Ivar Aasen-instituttet i år 2000.

Forskningsdagane

Høgskulen tok også i år 2000 del i dei landsomfattande Forskningsdagane, i samarbeid med Møreforskning Volda. Dette er eit viktig tiltak for å synleggjere forskingsverksemda ved HVO. Temaet for Forskningsdagane 2000 var «Forsking for framtida», og i perioden 25. - 28. september vart det halde 8 foredrag av tilsette ved HVO og MFV.



Forsknings- og utviklingsarbeid

Forskning, utviklingsarbeid og kompetanseoppbygging vert ei stadig meir omfattande og synleg verksemd i høgskulen.

Generelt om forskningsverksemda

Tilsette ved HVO delteke i fleire nasjonale forskingsprosjekt, og dessutan i ei rekkje prosjekt som vert leia og gjennomførde av høgskulen sine tilsette. Vi arbeider med å få betre styring og utnytting av den forskningsressursen som høgskulen disponerer i tilknytning til dei faglege stillingane. Målet er å leggje forholda til rette for at flest mogleg skal kunne drive med forsknings- og utviklingsarbeid. I 1999 vart det vedteke nye retningslinjer for arbeidsfordelinga. Retningslinjene vert lagt til grunn for arbeidsavtalane og opnar for differensiering mellom dei ulike stillingskategoriane. Dette vil innebere at dei med høgare fagleg kompetanse kan nytte ein større del av arbeidstida si til FoU-arbeid enn dei med lågare kompetanse. I høgskulen sin eigen budsjettmodell er det innført ein resultatdel basert på FoU. Denne komponenten vart for fyrste gong teken i bruk ved neddelinga av budsjettet for år 2001. Resultattildelinga byggjer på rapporterte FoU-arbeid i år 2000. Begge desse tiltaka har stimulert til ein fornya diskusjon om FoU-verksemda og bruken av FoU-ressursane. Det har i fleire år vore satsa medvete på kompetanseoppbygging i fagpersonalet. Fleire er i gong med doktorgradsarbeid, og ein av dei tilsette har fått professorkompetanse siste året. HVO har no 8 tilsette med professorkompetanse. Det er også fleire av dei tilsette som har fått fyrstekompetanse, og det er fleire som har fullført hovudfagsutdanning.

Evaluering av forskningsorganiseringa

Det har vore arbeidd mykje med å finne fram til ein god organisasjonsmodell for forskningsverksemda ved HVO. Den løysinga som no er valt, inneber eit organisert og ansvarleg samarbeid mellom Møreforskning og høgskulen. Det er vedteke ei rammeavtale for samarbeidet, og det er tilsett ein felles forskningskoordinator. Grunnlaget for denne løysinga er ei oppfatning om at det vitskapelege miljøet ved institusjonane i Volda er best tent med eit medvete samarbeid, der vi kan utnytte våre komparative fordelar. HVO og MFV har felles forskingsutval. Rektor ved HVO er leiar av Forskningsutvalet, som er samansett av representantar for forskingsgruppene og knutepunkta. I Utvida forskingsutval er også direktørane for HVO og MFV med, i tillegg til prorektor, dekanar, hovudbibliotekar ved høgskulen og ein representant frå MFV. I 1999 starta ein prosess med evaluering av forskningsorganiseringa. Det vart sett ned eit utval som på sjølvstendig grunnlag skulle evaluere forskningsorganiseringa ved HVO og MFV. Rapporten var ferdig i november 1999, og i år 2000

var den fyrst ute på høyring før den vart handsama i det utvida forskingsutvalet og til slutt i høgskulestyret. Evalueringsrapporten peika på følgjande problemstillingar der det er nødvendig å setje inn tiltak for å styrkje forskningsverksemda:

- Organiseringa av forskinga på avdelingane
- Samarbeidet mellom HVO og MFV
- Forskningsleiing
- Kulturen i høgskulemiljøet

Forskningsgrupper

Forskningsgruppene er basis for organiseringa av forskningsverksemda. Gruppene er til dels tverrfaglege og i nokre tilfelle avdelingsoverskridande. Desse gruppene var i drift i år 2000:

- Faggruppe for kristendom og kyrkjefag (FAKK)
 - Gruppe for utdannings-, forskning og kulturstudiar (GRUK)
 - Gruppe for media og samfunn (GRUMS)
 - Humanistisk forskingsforum (HUFF)
 - Gruppe for planlegging, organisering og styring (POS)
- Arbeidet i gruppene er knytt til både kompetanseutvikling og oppdragsforskning. HUFF og FAKK arrangerte seminaret «Ideologiar, religion og folke-

mord». HUFF, FAKK og GRUK samarbeida om eit vitskaps-teoriseminar med Erling Sandmo: «Michel Foucault - en praktisk innføring». HUFF, FAKK og Ivar Aasen-instituttet stod også bak eit vitskaps-teoriseminar med Jon Hellesnes: «Jürgen Habermas og moderne samfunns-teori». I tillegg har det vore arrangert mindre seminar med interne foredragshaldarar og/eller presentasjon av papers.

Publisering

HVO og Møreforskning Volda gir ut tre felles skrifts-seriar: Forskningsrapport, arbeidsrapport og notat. Ivar Aasen-instituttet ved HVO har eigen skriftserie. I år 2000 vart det gitt ut 5 forskningsrapportar, 20 arbeidsrapportar og 19 notat, dessutan 3 skrifter frå Ivar Aasen-instituttet. I tillegg kom det ut ein rapport i kategorien «andre skrifter». Mykje av produksjonen frå forsknings- og utviklingsverksemda fell utanom skriftseriane. Det gjeld tidsskriftartiklar, bøker og rapportar utjevne på forlag, konferansebidrag og produksjonar frå mediefaga og dei praktisk-estetiske utdanningane ved HVO.

	AHF	ALU	AMF	ASF	IAAI	SUM
Artiklar i internasj. vitsk. tidsskrift	1	3	1	3	0	8
Artiklar i nasj. vitsk. tidsskrift	1	0	1	4	0	6
Artiklar i andre tidsskrift	7	5	2	3	1	18
Faglege bøker/lærebøker	6	0	1	4	1	12
Kapittel i faglege lærebøker	15	2	2	4	1	24
Rapportar, kompendium	3	29	5	24	2	63
Vitsk.konf.:Foredrag, poster	3	11	9	9	1	32
Andre FoU-resultat	27	65	33	76	9	211
Totalt	63	115	54	127	15	374

Oversikt over registrert vitskapeleg produksjon ved Høgskulen i Volda i år 2000.

Undervisning og opptak

Høgskulen i Volda har dei siste 3-4 åra hatt nedgang i søkjartal på fleire studium. Det er likevel svært positivt at HVO trass i nedgangen i søkjartala har overoppfyllt måлтаlet for år 2000.

Utviklinga i søkjartala

Høgskulen i Volda har dei siste 3-4 åra hatt nedgang i søkjartal på fleire studium. Dette var også ein realitet i år 2000. Samanlikna med 1999 fekk vi i år 2000 ein nedgang på 17,6 % i søkjartala gjennom Samordna Opptak(SO). Gjennom dette opptaket lyste HVO ut 32 studietilbod med til saman 1052 studieplassar. Til desse studieplassane melde det seg 8972 søkjarar. I det lokale ordinære opptaket melde det seg 2103 søkjarar til 60 studietilbod. Til deltakarfinansierte einingar som vart arrangert gjennom kontor for etter- og vidareutdanning, melde det seg 454 søkjarar til 11 studie-tilbod.

Trass i nedgang i søkjartala totalt sett, hadde HVO som vanleg likevel god søkjar-tilgang til medieutdanningane. Like eins søkte mange på allmennlærerutdanning på deltid Kristiansund, og også på fleire av årseiningane og på praktisk-pedagogisk utdanning var det relativt godt med søkjarar. Nokre av grunnfag/årseiningane m.a. i tysk,norsk og histore opplevde derimot sviktande søkjargrunnlag, og dette vil truleg på sikt føre til svakare søknad til t.d. mellom- og storfagstillegg i norsk og historie.

Utvikling i talet på studentar

Det er likevel svært positivt at HVO trass i nedgangen i søkjartala har overoppfyllt måлтаlet for år 2000. HVO sette i verk tiltak for å kompensere for nedgang i rekruttering til ein del tilbod, spesielt førskulelærerutdanning og nokre grunnfag der dette er ein nasjonal trend. Måltalskravet for høgskulen er 2176, og det

var difor til stor glede for mange at ein i oktober 2000 kunne rapportere om 2329,2 heiltidsstudentar. Dette resultatet vart oppnådd delvis ved overopptak ved studietilbod med god søknad og oppretting av nye deltids, desentraliserte- og internettbaserte tilbod. Særleg var oppstart av allmennlærerutdanning på deltid i Kristiansund svært positivt for høgskulen. Dette opptaket kompenserte for sviktande søkjartal ved ordinær førskule- og allmennlærerutdanning. HVO har i dag 80 studentar ved denne utdanninga, og både avdeling for samfunnsfag og avdeling for humanistiske fag bidreg med undervisning til desse studentane.

Realkompetanseopptak

Ved mange av studietilboda gjennomførte HVO realkompetanseopptaki år 2000. Dette var prosjekt som høgskulen fekk godkjent av KUF som prøveordningar i påvente av nytt regelverk. Det vart teke opp ca 95 studentar med grunnlag i realkompetansevurdering. Desse opptaka var også medverkande til at høgskulen no ligg over måltalskravet.

Eksamen

I år 2000 vart det uteksaminert til saman 1.134 kandidatar medrekna examen philosophicum (15). Det vart uteksaminert 409 kandidatar frå fleirårige profesjonsutdanningar og praktisk pedagogisk utdanning (av 439 registrerte studentar). Ved årseiningar/årsstudium/grunnfag vart det uteksaminert 279 kandidatar (av 452 registrerte studentar) og 37 kandidatar ved mellomfags-/storfagstillegg (av 51 registrerte studentar).

Nye studium

Følgjande studium er nye tilbod frå hausten 2000:

- Allmennlærerutdanning - deltid over 5 år med real kompetanseopptak, i Kristiansund og Volda.
- Natur og Miljø, 10 vekttal, internettbasert.
- Examen Facultatum, 5 vekttal
- Kristendom-, religion- og livssynskunnskap 2.10 vekttal, fjernundervisning.
- Friluftsliv påbyggingsstudium (mellomfag) 20 vekttal
- Kriminalitetsførebygging i eit samfunnsplanleggingsperspektiv, 10 vekttal
- Lokal historie, 10 vekttal, internettbasert.

HVO har ikkje lagt ned tilbod i år 2000.

Studiekvalitetsarbeid

Høgskulen har etablert ei studienemnd med mandat og oppgåver knytta til samordning av arbeidet med studie-kvalitet. Nemnda beslutta hausten 2000 å auke møtefrekvensen for nettopp å styrkje oppfølginga av studie-kvalitetsarbeidet.

I år 2000 vart også eit prosjekt ved HVO med rådgjevingsteneste for studentar sett i gang. Rådgjevingstenesta er eit resultat av samarbeid mellom Studentsamskipnaden for Sunnmøre, HVO og Volda kommune. Prosjektet kom i gang 25.04.00 og er førebels tenkt å skulle vare til 31.12.01. Rådgjevingstenesta for studentar har som målsetting å utvikle betre livs- og studie-kvalitet for studentane. I prosjekstillinga fungerer ein sosionom, som også arbeider tett på den psykologiske rådgjevingstenesta ved

høgskulen og etter kvart også med nyttilsett studentprest i deltidsstilling administrert av Volda kyrkjekontor.



Fellesadministrasjonen

BYGG OG ANLEGG

Det mest omfattande byggeprosjektet ved HVO dette året var avsluttande del av oppussingsarbeidet ved Idrettsbygget. Dette arbeidet tok til sommaren 1999, og vart ferdig våren 2000 med vedlikehaldsarbeid- og modernisering av symjehallen som siste del. Statsbygg la her ned ein betydeleg kostnad, og bygget er på viktige område ikkje til å kjenne att.

Ein del av planlagt byggoppgradering er ombygging av eit areal til heimkunnskaps undervisning. Arealet på ca 100 kvm, sørvest i underetasjen i Henrik Kaarstad-huset vart ombygd og utstyrt til eit tidsmessig lokale for denne typen undervisning. Den avsluttande ombygging etter omdisponering av Hans Strøm-huset tok til med 2. etasje i september 2000. Eit areal på ca 450 kvm vart her totalt fornya til undervisningsformål med innplassering av eit mellomstort og eit lite amfi og fire andre undervisningsrom.

Mest i fokus på byggsida i år 2000 var likevel prosjektet påbygg/tilbygg av Henrik Kaarstad-huset som i det meste av året var under kommunal byggesakshandsaming. Prosessen var likevel halden i gang ved at anbud vart utlyst av Statsbygg, og ved endeleg avklarande brev frå Fylkesmannen 26.09.00 kunne byggeprosessen ta til med tomtegraving fram mot årsskiftet. Eit paviljongbygg i vestområdet på ca 90 kvm, kalla «Hagetun», vart sagt opp og bortflytta sommaren 2000. Det utvendige areal fekk ein etterspurd tilvekst ved at eit sentralt grøntområde på ca 5

mål ved hovedinngangen til Berte Kanutte-huset vart rydda og tilsådd sommaren 2000. Dette var området der brakkeriggen hadde stått fram til byggearbeidet var ferdig sommaren 1998. Etter to år kom dette sentrale grøntområdet til å få den utforminga som var forutsett.

PERSONALKONTORET

Ved utgangen av år 2000 hadde personalkontoret følgjande oversikt over personalet ved høgskulen:

143,5 faglege og 49,5 administrative heimlar. Høgskulen hadde totalt 205 tilsette, rekna i årsverk. Desse fordeler seg slik:
Fagleg tilsette, totalt ca. 141 årsverk
Administrasjon, med bibliotek, drift og reinhald ca. 64 årsverk

Personalet har ein kvinneprosent på ca. 38%.

I tillegg kjem 38 fast tilsette øvingslærarar ved førskulelærarutdanninga, 44 var tilsette gjennom årsengasjement. Ved allmennlærarutdanninga var det tilsett ca 90 øvingslærarar, der løna vert refundert til den kommunen dei er tilsette i. Høgskulen har, som tidlegare år, knytt til seg ei rekkje personar gjennom div. oppdrag på timebasis.

Kompetanseheving

Høgskulen har hatt ei positiv utvikling når det gjeld kompetanseheving for tilsette. Satsinga har i hovudsak skjedd som løyving til FoU-stipend. I år 2000 var det mellom fagleg tilsette ni som deltok på hovedfagsprogram, og 17 som deltok på dr.gradsprogram.

Utlysing

Det har gått til utlysing 41 stillingsannonser:

Undervisning/vitskapleg:
23 annonser / 30 stillingar

Administrativ/drift:
18 utlysingar

Løn

Val av nytt løns- og personalsystem for dei statlege høgskulane er ikkje avklara. Ei prosjektgruppe sentralt arbeider med spørsmålet i samarbeid med KUF. Høgskulen samarbeider med skattefuten om kontroll av løn og reiserekningar. Personalkontoret har internt fått auka ansvar og nye oppgåver knytt til refusjonar, pensjon etc.

Lokale lønsforhandlingar

Forhandlingar vart gjennomført i samsvar med økonomisk ramme fastsett av Arbeids- og administrasjonsdepartementet, kr. 527 586, utan at det i tillegg vart lagt inn i ramma eigne midlar frå høgskulen sitt budsjett. Protokoll vart underteikna 04.12.2000.

INTER- NASJONALISERING

I år 2000 har 41 studentar reist til utlandet og 43 utanlandske studentar har halde til ved HVO for å studere.

Institusjonsavtaler

Høgskulen i Volda har i år 2000 følgjande avtaler: Erasmusavtale med Pädagogische Akademie, Wien, ein bilateral avtale med Washington college, ein bilateral avtale med Uthena College i Litauen. Ivar Aasen-instituttet har Socratesnettverkssamarbeid med University College of

London, Umeå Universitet, Vaasa universitet, Åbo Akademi og Stockholm Universitet.

Høgskulen i Volda har fått Socratesmidlar for å arbeide med ECTS. Arbeidet er i gang, og høgskulen vil utarbeide ein ECTS-katalog (både på papir og i elektronisk format) for alle studietilbod i 2001.

Avdeling for lærarutdanning

Avdelinga deltek i eit Nordplusnettverk samansett av Høgskolan i Kalmar, Holbæk Seminarium, Høgskolen i Oslo og Høgskulen i Volda. I år 2000 var det ingen studentutveksling, lærarutvekslingane var berre kortvarige opphald. Frå Washington College var det 1 student i Volda. Det er stor interesse for studentutveksling mellom studentane, spesielt er Australia eit ettertrakta land. For allmennlærarstudentar er dette knytt til den valfrie delen i det fjerde året i utdanninga. Høgskulen arbeider for å leggje til rette for eit utanlandsopphald for desse studentane. I år 2000 tok 6 studentar det fjerde året i lærarutdanninga i Australia, 2 studentar tok engelsk grunnfag i Newcastle i UK og 2 kvinnelege studentar tok IT-utdanning i USA.

Avdeling for mediefag

Avdelinga har ein bilateral avtale med Mangalore University i India: I år 2000 var det ingen studentutveksling fordi finansieringa av utvekslinga gjennom NORAD ikkje

vart vidareført. Høgskulen hadde midlar til lærarutvekslinga, men dette vart utsett til 2001. Avdelinga hadde ein lærar frå Lutheran Pasific University i USA på eit 7 vekers besøk. Avdelinga deltek i to nettverk: nordisk animasjonsnettverk med Åbo Konstakademien og Den Danske Filmskole. Det andre nettverket er Samarbejdskomiteen for nordiske journalisthøgskolar (Danmarks journalisthøgskole i Aarhus, Jyväskylä Universitet, Helsingfors universitet, Høgskolen i Oslo, Bodø og Stavanger, Gøteborgs Universitet, Stockholms Universitet, Mitthögskolan, Háskóli Islands og Grønlands universitet Ilisimatusarfik). Utvekslingsarbeidet knytt til animasjonsnettverket, har ikkje kome skikkeleg i gang i år 2000, men vil starte opp i 2001. Studentutveksling i Journalistikknettverket var slik: 2 studentar frå Volda til Stockholm, 1 til Gøteborg og 1 til Aarhus. Frå Island kom 1 student til Volda som tok 1. år på journalistutdanninga. Avdelinga arbeider også med ein avtale om påbygging til Mastergrad i journalistikk/kommunikasjon ved Universitetet i Stirling i Skottland og med Lutheran Pasific University i USA. Avdelinga har også 4 kvotestudentar.

Avdeling for samfunnsfag
Avdelinga har ein bilateral avtale med Uthena Medical college i Litauen om Studentutveksling. I år 2000 hadde avdelinga 5 studentar der ifrå på sosionomutdanninga. Sosionomutdanninga har i tillegg 1 student frå Albania og 1 frå Mongolia. Kommunal planlegging har 4 kvotestudentar: 2 frå Ghana, 1 frå Kenya

og 1 frå Pakistan. Ein ghanesar tek vidareutdanning etter fullført sosionomutdanning.

Avdelinga har i år 2000 starta eit samarbeid knytt til kateketutdanninga med Aberdeen. Avdelinga tilbyr som før Kristendomskunnskap med vekt på ungdomsarbeid (KULS) i samarbeid med Ten-Sing Norway. I år 2000 var 31 studentar på KULS i Slovakia.

Avdeling for humanistiske fag

Høgskulen har eit samarbeid med andre høgskular om kvotestudentar. Avdeling for Humanistiske fag gir kvotestudentane det førebuaende norskkurset som går over eit år. I 2000 hadde avdelinga 7 eigne kvotestudentar på kurset og i tillegg 18 kvotestudentar frå Høgskolen i Ålesund, Høgskolen i Molde og Høgskolen i Agder. Etter ca. 10 år med dette arbeidet har fagmiljøet, studieadministrasjonen og samskipnaden opparbeida ein god kompetanse og eit godt samarbeid på dette feltet. I 2000 starta også eit norskkurs i Ulsteinvik. Dette kurset var eit deltidsstudium som primært var retta mot utanlandske studentar som bur i Noreg, og som treng norsk på høgskulenivå i studie- eller jobbsamanheng.

Høgskulen har kome i gang med nokre tilbod og avtaler, men vi treng meir omfattande student- og lærarutveksling, spesielt innanfor Erasmusavtalen. Dette må bli hovudsatsingsområde for dei neste åra.

INFORMASJON

For ei tid tilbake tok studiesjef Bjørg Nedregotten,

designer Thomas Lewewed Avdeling for mediefag og informasjonskonsulent Per Arne Brandal kontakt med høgskuleleiinga om behovet for å utvikle ein heilskapleg grafisk profil for Høgskulen i Volda. I styre-sak 08/2000 løyvde styret kr. 100000,- til forprosjekt og skisser. Prosjektgruppa fekk denne samansetjinga: Høgskuledirektør Jan Driveklepp, studiesjef Bjørg Nedregotten, høgskulelektor Thomas Lewewed, kontorsjef Jon-Arild Kvamme Sollid, høgskulelektor Sissel Midtlid, overingeniør Sverre Liestøl, høgskulelektor Jan Einar Flø og informasjonskonsulent Per Arne Brandal.

Sommaren 2000 inviterte vi tre firma til å vere med på ein lukka konkurranse der oppdraget var innanfor ei ramme på å kr 30 000 å skissere løysingar for eit grafisk profilprogram for Høgskulen i Volda. Desse var: Goosen Design (Bergen), Kjetså Hole Design (Oslo) og Elle Melle (Ålesund). Arbeidsgruppa gjekk i møte 2. oktober samrøystes inn for forslaget frå Goosen Design, og arbeidet med å ta programmet i bruk tok straks til. Prioriterete tiltak er studie-katalog, andre studiebrosjyrer og studieannonser i samband med studentrekrutteringa ved årskiftet 2000/2001.

KOMMENATAR TIL REKNESKAPEN

Tabellen på neste side viser rekneskapstala for år 2000 delt på driftspostar og med høve til å sjå på utviklinga frå og med 1998. Denne tabellen gir også eit oversyn over koreis dei ordinære driftsutgif-

tene fordeler seg på dei ulike driftspostane. Av totale driftsutgifter til varer og tenester på 60,1 millionar har 32,7 millionar kroner gått til drift av bygningar, av dette 27 millionar til husleige. Total udisponert rest etter kontantrekneskapen frå den ordinære verksemda er kr 6 456 000. Av denne summen må kr 780 000 overførast til post 45, jamfør førre punkt. Overføringar til post 01 i 2001 vert dermed kr 5 676 000. Kr 518 000 frå kompensasjon frå lønnsoppgjret (jf side 1) og kr 350 000 av innsparte midlar til husleige er alt lagde inn i budsjettet for 2001 og må overførast øyremerka. Vidare har vi avsett midlar til internasjonalisering og andre strategiske tiltak. Ein stor del av desse midlane er av praktiske årsaker ikkje nytta eller utgiftsførte innanfor rekneskapsåret i 2000; desse må difor overførast øyremerka. I tillegg har vi avsett midlar til andre satsingar, mellom anna omstillingsmidlar og midlar til utvikling av knutepunkta våre. Ein del av denne planlagde aktiviteten var det vanskeleg å få utført innan tilvisingsfristen. Eit totaloversyn viser at kr 3 967 000 må øyremerkast til konkrete tiltak, sjå forklaringane til internrekneskapen.

I tillegg har alle overopptaka for hausten 2000 ført til at vi må halde att midlar for å dekkje auka utgifter også for våren 2000.

Rekneskapen

Post	Postnemning	Ramme frå KUF 2000	Rekneskapstal 2000	Rekneskapstal 1999	Rekneskapstal 1998
Utgifter ved ordinær drift (kapittel 0274 og 0281)					
01.11	Organiserte stillingar, sum		59 907	58 996	55 790
01.12	Engasjerte og ekstrahjelp		884	885	866
01.13	Deltidsløner, sum	8 320	8 931	8 452	
01.15	Reinhaldspersonell		2 175	1 963	1 907
01.17	Styrer, utval	46	77	58	
01.19	Vikar ved stipendpermisjon		624	435	746
01.18	Arbeidsgjevaravg.	10 157	10 065	9 566	
	Sum ordinære lønsutgifter		82 113	81 352	77 385
01.21	Maskiner, inventar, sum		3 320	2 456	1 401
01.22	Forbruksmateriell	4 854	4 775	4 673	
01.23	Reiseutgifter m.m.	5 946	6 149	5 920	
01.24	Kontortjenester m.m.		3 611	2 986	3 018
01.25	Konsulenttenester	1 560	846	600	
01.26	Bøker, tidsskrift og andre driftsutgifter		7 855	7 754	7 898
01.27	Vedlikehald transportmidl.m.m.		76	14	24
01.28	Vedlikehald bygg, anlegg		184	133	78
01.29	Drift bygningar, lokalleige		32 721	32 760	28 933
	Sum ordinære utgifter til varer og tenester		60 127	57 873	52 545
	Sum brutto ordinære løns- og driftsutgifter	146 271	142 240	139 225	129 930
Inntekter ved ordinær drift (kapittel 3274)					
02	Sal av materiell/refusjonar	4 016	4 296	6 520	4 074
11	Kursinntekter	1 424	1 418	1 177	
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak				31
16	Refusjon fødselspengar		235	545	1 098
18	Refusjon sjukepengar		1 786		
	Sum totale inntekter 1998/1999/2000/inntektskrav - 00	5 316	7 741	8 483	6 380
	Sum netto ordinære løns- og driftsutgifter	140 955	134 499	130 742	123 550
	Nettoramme frå KUF		140 955	133 232	126 090
	Overføringar til neste år frå den ordinære drifta		6 456	2 490	2 540
Oppdragsverksemd (kapittel 0274 og 3274)					
21	Sum oppdragsutgifter		4 956	3 303	2 036
01	Sum oppdragsinntekter		5 106	3 541	2 274
	Inntektsoverskot ved oppdragsverksemda		150	238	238
	Pålagd tilbakeføring av oppdragsinntekter	150	150	238	238
Investeringar/ombyggingar (kap. 0274)					
45	Store nyinnkjøp, investeringar/ombyggingar	5 766	5 597	5 868	12 933
	Total ramme frå KUF		5 766	7 019	17 309
	Overføringar til neste år frå store nyinnkjøp		169	1 151	4 376

| 15

Ramma inkluderer overføringar frå føregående år, midlar til stipendiatstillingar og eventuelle tildelingar frå Statens lærarkurs. Kr 780 000 må overførast frå år 2000 til år 2001 frå kap 0274 post 01 til kap 0274 post 45. Overføring frå år 2000 til år 2001 vert etter dette kr 5 676 000 til post 01 og 949 000 til post 45. Av total bruk på underpost 01.29, drift av bygningar, er dette brukt til husleige i år 2000: kr 26 992 000. (1998: kr 23 585 000 og 1999: kr 27 118 000)